



MELAND KOMMUNE

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

NORDOM FJELLET AS

Husebøvegen 105

5917 ROSSLAND

Dykkar ref.

Vår ref.

OCB

Journalp.ID 12/10071

ArkivsakID 2012001417

GBNR-54/24, GBNR-54/41, N-518

Dato 10.07.2012

GODKJENNING PÅ VILKÅR - BRUKSENDRING/OMBYGGING AV FORRETNINGSLOKALE TIL FORSAMLINGSLOKALE PÅ HUSEBØ, GNR 54 BNR 24 OG 41.

Saka er behandla etter delegert mynde frå kommunestyret.

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Delegasjonsvedtak Komm.avd. for natur, næring, tekn.tenester	10.07.2012	OCB	288/12

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	09.07.2012	NORDOMFJELLET AS	SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - BRUKSENDRING/OMBYGGING AV FORRETNINGSLOKALE TIL FORSAMLINGSLOKALE PÅ HUSEBØ, GNR 54 BNR 24 OG 41.
2	I	09.07.2012	NORDOMFJELLET AS	SØKNAD OM MELLOMBELS BRUKSLØYVE.
3	U	10.07.2012	NORDOMFJELLET AS	GODKJENNING PÅ VILKÅR - BRUKSENDRING/OMBYGGING AV FORRETNINGSLOKALE TIL FORSAMLINGSLOKALE PÅ HUSEBØ, GNR 54 BNR 24 OG 41.

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad stempla motteke 10.07.2012 i Meland kommune. Søknaden gjeld bruksendring av butikklokale på gnr 54 bnr 24 Husebø til bygdapub, selskapslokale og kiosk, og bygningsmessige arbeider i samband med dette.

Adresse
Postboks 79
5906 Frekhaug
Besøksadr. Havnevegen 41A
postmottak@meland.kommune.no

Telefon:
56 17 10 00

Telefaks: 56 17 10 01
Bankkonto: 1503.18.83722
avd. 56 17 11 61

Heimeside:
www.meland.kommune.no
Kartinformasjon:
www.nordhordlandskart.no

Det er i vurderinga av søknad om ansvarsrett lagt særlig vekt på at føretaket har knytt til seg brannteknisk og bygningsteknisk fagkompetanse der føretaket sjølv ikkje har naudsynt kompetanse, og at vanskelighetsgraden i samband med tiltaket er liten, og ligg nær det ansvaret plan- og bygningsloven meiner ein kan ha som sjølvbygger på eigen bustad.

VEDTAK

”Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) §§ 20-1 og 21-4 løyve til bruksendring av gnr 54 bnr 24,41 i samsvar med søknad stempla motteke 10.07.2012.

Før det vert gitt ferdigattest for tiltaket må følgjande forhold vera avklart.

- Det skal leggjast fram brannteknisk rapport som dokumenterer branntryggleiken i bygget. Rapporten skal leggjast fram før utgangen av august 2012.
- Det skal gjerast greie for kva tiltak som er gjort for å leggja til rette for at bygget kan nyttast av for rørslehemma, blinde, svaksynte og hørselshemma.
- Alle forhold i høve Statens vegvesen skal vera avklart innan utgangen av august 2012.

Det vert vist til kart og teikningar stempla motteke 10.07.2012.

Godkjenning av ansvarsrettar:

Føretak	Godkjenningsområde
Nordom Fjellet AS Org. Nr. 997 882 946 Lokal godkjenning	(SØK/PRO/UTF) tilt.klasse 1 Fagområde: Ansvarleg søkjar. Ansvarlig prosjekterande for heile tiltaket Ansvarlig utførande for heile tiltaket utanom rørleggjararbeid, herunder tømrrarbeid, flisearbeid og installasjon av eldstad.
Fløysand VA as Org.nr 915 273 505 Sentralt godkjent	UTF tilt.klasse 1 Fagområde: Ansvarlig utføreande for utvendige og innvendige VA-installasjonar.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.


Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Saka er handsama og godkjent administrativt i medhald av delegert mynde.”

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Kommunalavdeling for natur, næring og tekniske tenester


Ole Christian Børtveit
Byggjesakskonsulent


Anny Bastesen
kommunalsjef